

# Berre mor og Ellinor

Forfatter: Ingrid Z. Aanestad (Norge)  
Illustratør: Sunniva Sunde Krogseth (Norge)  
Gyldendal, 2022

Nominert til Nordisk råds barne- og ungdomslitteraturpris 2023

Handling: Ellinor har ikkje sysken. Det er mor og Ellinor som bur i lag. Heime lagar dei sushi, drikk kakao og teiknar. Av og til skriv dei lister over ting dei likar. Nokre dagar er mor lei seg. Ellinor fortel om mor som er lei seg til ein skulekamerat, men så blir ho usikker på om det eigentleg er ein løyndom, som det ikkje er fint å fortelja om.

Tema: familie, venskap, kjensler, løyndomar, heim, nynorsk

## Samtale og aktiviteter:

### TITT-LES med dei aller yngste

Kva finn Ellinor og mor i naturen som dei sankar og samlar og pyntar heimen sin med?

Kva finn du i naturen som du kan plukke og pynte heimen din med?

### LITEN

1. Sjå på framsida av boka. Kva trur du boka handlar om?
2. Kva likar Ellinor og mor å gjere saman?
3. Ellinor er glad i å teikne. Kva gjer mor med teikningane til Ellinor?
4. Nokre familiar er små og nokre familiar er store. Kva er ein familie? Kjenner du til ulike slags familiar?

### MELLOM

1. Sjå på bileta av huset til Ellinor og mor. Finn eksempel på ting dei samlar på. Samlar du på noko?



2. Ellinor og mor skriv lister over ting dei likar. Kva ville stått på ei liste over ting du likar? Lag ei liste og teikn ein teikning av ein av tinga.

3. Av og til er mor lei seg. Kven kan Ellinor fortelje det til? Kva seier mor til Ellinor? Har du nokon du kan snakke med om ting som er leit?

### STOR

1. I boka om Ellinor og mor får vi vite kva dei gjer når dei er i lag. Sjå på bileta, korleis kan du sjå om dei trivst?
2. Ellinor og ein klassekompis snakkar om mora til Ellinor. Kva seier kompisen? Kva fortel Ellinor?
3. Er det slik at både barn og vaksne har dagar der dei er glade og dagar der dei er triste? Kvifor er det slik, trur du? Er det slik for alle?
4. "Ellinor er ikkje redd for mørket. Mørket er berre ein farge." Ta utgangspunkt i sitatet frå boka og skap eit verk der du målar eller klipper silhuettar i lyse eller mørke fargar.

---

**LES OGSÅ:**

Strikurnar av Dánial Hoydal og Annika Øyrabø

Alle sammen teller av Kristin Roskifte

Jag och alla av Ylva Karlsson og Sara Lundberg,

Mánugánda ja Heike av Signe Iversen og Sissel Horndal

---

SPRÅKHJØRNET

## "Liste"

svensk



Lista

dansk



Liste

norsk



Liste

islandsk



Listi

færøysk



Listi

grønlandsk



Allattuiffik

finsk




Lista

nordsamisk



Listu



Tag bilder av deres leseopplevelser med [#nordiskabokslukaren!](#)